

Utbetring av Fylkesvegen ved Sagbekken.

10.01.2019



Det er Kvinnherad Maskin med Michael Stensletten som har oppdraget for MESTA med å utbetra skaden i vegen.

Det har lenge vore ei generande dump i vegen der den gamle Sagbekken går i røyre under Fylkesveg 48. No vert skaden utbetra. Det er Kvinnherad Maskin som gjer jobben på oppdrag for MESTA. Årsaka til skaden er truleg brot på hovudrøyra som igjen har ført til søkk i vegbanen.

Michael Stensletten frå Kvinnherad Maskin fortel at arbeidet vil ta minst ei veke. Fyrst må ein ned for å finna røyret. Det må gjerast på ein forsiktig måte ettersom det ligg høgspenn og fiber i vegtraseen. Så må vatnet førast i ny røyre 50 - 60 meter ned til ny kum. Etter det kan ein starta arbeidet med å kryssa fylkesvegen og finna skaden og få den utbetra.

Sagbekken, som frå gammalt kjem frå utmarka under Ådnaklett og i Halsane, går gjennom byggefeltet, under vegen og ut i Beinavikjo. Her er mykje vatn som til tider har skapt problem med tette røyrrar og vatn inn kjellarar og hus.

Fylkesvegen vert ikkje stengd mens arbeidet pågår. Vegbanen er avgrensa til eit køyrefelt på plassen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal.



Vegarbeidet er skilta og vegbanen er avgrensa til eit køyrefelt.